

Kriterium og krav for gjennomføring av Open Hall

For at de skal kunne arrangere Open Hall under ordninga, må desse kriterium oppfyllest:

- Open Hall skal vere ein **open møteplass for innbyggjarar i alle aldre**.
- Aktiviteten skal vere **gratis for alle deltakarar**.
- Det skal vere eit **lågterskeltilbod utan krav om medlemskap**.
- Aktiviteten skal gjennomførast minimum fire gongar per år.
- Tilbodet skal vere **inkluderande og leggje til rette for sosialt samvær og aktivitet**.
- Det skal vere ansvarlege **vaksne til stades** som ivaretek tryggleik og skaper gode rammer. Arrangør må ha **gode rutinar for tryggleik og handtering av uønskte hendingar**, inkludert:
 - Politiattest og beredskapsplan ved skadar eller uønskte hendingar
- Tilbodet skal annonserast slik at **målgruppa får informasjon** (t.d. via kommunen sine kanalar, laget si Facebook-side, plakatar på skulen og i hallen)
- Arrangør må bidra at rapporteringskrava frå **Buudir vert oppfylte**, slik at kommunen kan dokumentere aktivitetane i rapportering.

Rapporteringskrav

For at kommunen skal kunne rapportere til Buudir, må de som arrangør sende inn ein **kort rapport etter kvar Open Hall-dag**. Rapporten skal innehalde:

1. **Dato og varigheit** for arrangementet
2. **Tal på deltakarar** (omtrentlege tal, fordelt på alder og kjønn viss mogleg)
3. **Kort skildring av gjennomføringa**:
 - Kva aktivitetar som vart tilbydde
 - Korleis de sikra inkludering og tryggleik
4. **Eventuelle uønskte hendingar** og korleis desse vart handterte
5. **Innspel til forbetringar** for komande arrangement

Eit enkelt rapporteringsskjema vert sendt ut til godkjende arrangørar før oppstart.